



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 16/23445

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2016

Svar på førespurnad om å få senke regulert privat veg - Gjervik Ytre

Lindås kommune syner til Dykkar e-post av 24.08.2016 vedkomande erklæring om å få utføre tiltak på kommunal grunn. Lindås kommune har gjort ei samla vurdering og komme fram til at vi ikkje ønskjer å gje ei slik erklæring.

Teknisk drift har vore på synfaring saman med tiltakshavar den 22.06.2016. Synfaringa fant sted etter ønskje frå tiltakshavar. Tiltakshavar har fremma ønskje om å få lov til å senke regulert veg for å hindre at overvatn frå veg vert ført inn i garasjen. Teknisk drift kan ikkje sjå at senking av veg vil hindre overvatn i å verte ført inn i garasjen. Vegen vil, etter eventuell senking, framleis ha fall mot garasje. Overvatn vil derfor renne nedover mot denne. Teknisk drift meier at det vil være ei betre løysing å legge ned renne med rist over regulert veg. Ein vil då kunne lede bort overvatn via eit røyrsystem til eigna terreng. På denne måten vil ein kunne verte kvitt overvatnet utan at dette vil medføre ulempe for andre grunneigarar og/eller eventuelt kommunal veg på nedsida av tomta.

Dersom tiltakshavar ønskjer å etablere ei slik renne må det sendast inn ei søknad om dette til kommunen. Med søknad skal det leggest ved dokumentasjon på korleis ein har tenkt å lede overvatnet bort frå området.

Lindås kommune ber om skriftleg tilbakemelding på dette brevet.

Med helsing

Therese Urdahl Braseth
Einingsleiar eigedom

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen

5955

LINDÅS